

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
613.1	Knut Øyjordet	06.09.21	29/21

KVOTE PÅ RYPEJAKT SESONGEN 2021/22

Saksdokument:

1. Saker tidlegare år om fastsetting av kvote på rypejakt.
2. Resultat frå rypetaksering.

Saksutgreiing og vurdering:

Det har også denne hausten vorte gjennomført taksering av lirype, dvs. i området Steinflybakkane, Dyrjtønnlie/Griningsdalen, Veolie/Veomyrene, området mellom Lemonsjøen og Tesse, samt på Bringen. Dei same personane har taksert som dei siste åra. Det er ikkje gjort noko berekning av bestanden, dvs. talet på fugl pr. km², men det er lagt vekt på å få eit bra inntrykk av produksjonen, ved registrering av talet på kull og kullstorleik. Opplysningar frå takseringane, frå treninga i treningsfeltet, observasjonar frå jaktprøva i regi av Gudbrandsdal fuglehundklubb sist helg og frå personar som ferdast mykje i fjellet, har som tidlegare år gjeve eit grunnlag for å vurdere eventuelle reguleringar av rypejakta.

Bestandane av både lirype og fjellrype har vore under middels ein del år, men i dei seinare åra har det vore ein merkbar oppgang, og spesielt i 2018 var produksjonen svært bra. I 2019 vart det ein liten «nedtur» att, spesielt i produksjonen av lirype. Da var det færre kull og generelt mindre kullstorleik, men som vanleg med lokale variasjonar. I fjor var det ein ny oppgang, og i enkelte område var det mange kull med bra kullstorleik. Det same med fjellrypa, men også for «skarven» var det lokale variasjonar. I år har vi fått ein merkbar nedgang i produksjonen av lirype, noko som tydelegvis har skjedd også i ein del andre område i distriktet. Dette er nokså overaskande, fordi mange meinte at vær- og føreforholda i tida før, under og etter klekking var optimale i år. Men som alltid får vi det endelege svaret på produksjonen fyrst ei stund ut i jakta. Spesielt gjeld dette fjellrypa, for det er som vanleg vanskeleg før jakta å seie noko sikkert om korleis årets produksjon av fjellrype er.

Bruk av dagskvote vart innført for fyrste gong for 9 år sidan, og dei to sesongane før det vart jegerane oppfordra til "moderasjon". Fjellstyret har tidlegare vedteke å prioritere bruk av kvote framfor andre reguleringar, og har lagt vekt på i si forvaltning at flest mogleg skal få tilgang til jakt gjennom heile sesongen. Frå i år vart det likevel regulert talet på utanbygds jegerar utan hund dei 15 fyrste dagane av jakta, men det er lagt opp til fritt kortsal frå 30. september. Bruk av kvoter er generelt vanleg i dag og er allment akseptert i jegermiljøet. Vi veit ut frå jaktrapportar at jegerane ikkje skyt mange ryper, heller ikkje i gode produksjonsår. Det viser at naturopplevinga er viktigare enn hausting av vilt. Jaktrapportane og talet på selde kort viser elles at jegerane tek omsyn til rypebestandane i år med dårleg produksjon, ved å jakte mindre.

Vedtak:

Med heimel i fjellova § 23 vedtek fjellstyret for jaktseasonen 2021/22 å nytte ei kvote på 1 lirype/fjellrype pr. jeger pr. dag. Vedtak om dagskvote på 1 rype blir gjort med bakgrunn i resultat frå takseringar, bruk av treningsfeltet og andre tilbakemeldingar. Det blir vist til vedtak i fjellstyresak 2/21 om opplegget for småviltjakta elles. Dersom det viser seg nødvendig med andre reguleringar undervegs i jakta, som t.d. stuttare sesong, ytterlegare regulering av jaktkortsal osv, så vil det bli tatt stilling til dette utover hausten når vi veit endå meir om årets produksjon.

Retts utskrift.

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder